

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Ard og plog.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Nord-Hidle.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ordet ard og plog brukt, men namnet ard döyr no ut.
2. Reidskapen ard ute av bruk för folk no kan minnast.
Ein mann född 1864 i Hjelmeland, bur no her og kan minnast det på garden ytre Eiane bruka ard, utan veltefjöl; dei plögde svært tett, fortel han. -Åkren her vart frå gammalt spadd for det meste. So kom vel arden i bruk, for ordet ard vart brukt av folk i 1880-90 åri. Når dei sådde korn horva dei det ned med horveriva med jarntindar, seinare kom horv dregi av öyk i bruk. Grev kunde dei bruka horva kornet ned med på kantane av åkren der horvi ikkje hadde kome til, og so på örsmå stykke.
3. Til å setja jordeple hadde dei spade, seinare plog og no helst hestehakka eller hyppeplog. Ard kan folk her ikkje minnast brukt til jordeplesetjing. Hestehakke kom her kring 1900 eller helst seinare. Hyppeplog endå seinare.
4. Folk no har liti meining um korleis arden såg ut, den var vel eit trestykke jarnskodd i enden som vart drege gjennom jordi og rota henne upp. Truleg var det ein krokard, for dette ordet er enno kjend.
5. Ukjent.
6. Namnet diller brukt um skokler til plog. Sjå Dilla i Ross: Ordbog.
7. Ulike typer av vangsne eller mangsne kjenner eg ikkje til. At dei på ein gard kunde ha plogar med ulike breidd kunde vel henda, serleg var nyare plogar ofte breidare enn dei gamle.
8. Arden hadde visst ikkje veltefjöl frå fyrst av.
9. Ordet ard berre brukt um gamaldags plog og av sume gamle og um nyare plogar, no er det slutt, dei snakkar berre um plogar no, ard er det gamle reidskap.
10. Ukjent.
11. Ukjent.
12. Ardar og vel dei fyrsteplogane var arbeidde anten på garden, der dei jamt frå gammalt hadde smedja, eller helst av einbygdesmed. No kjøper dei berre plogar frå fabrikkar.
13. No berre fabrikksmidde plogar. Heimelaga eller smedeplogar var i bruk på sume gardar til etter 1890. Sume fekk alt kring 1890 plogar frå eit firma Lund i Kristiania. No er Kvernelandsplogar mest brukte. Av bygdesmedar hadde me her i sokni Nils Norheimsberget og seinare smidde Gulleik Himle plogar. Han var frå Vöss og budde fyrst i Fister, seinare på Fiskå i Strand. Kormykje desse gamle heimasmidde plogane kosta har eg ikkje fått vita.
14. Namnet grindplog kjent. Veltefjöli var frå fyrst av visst ikkje vridd, seinare vart ho litt vredi, men ikkje so mykje at ho velte moldi yver, ho vart berre reist på kant. Fjöli var av jarn det folk her minnest.

- Solen var alltid av harn, fortel folk.
15. Noko å reinska fjöli med var sjeldan. Eg minnest morbror min hadde laga seg som ein litenspade av ein fjölstubb kring 30 sm. lang og laga til mest som ein spade i form. Denne hadde han bunde ein tråd i og smöygde upp på umledensin og skrappa jordi av fjöli når han kom til endes med fori. Andre kunde med foten föra moldi av fjöli, når dei velte ploget or fori med enden. Noko namn på trespaden morbror min bruka har eg aldri höyrt.
 16. Dei velte ploget på vinstre sida, og der hadde dei
 17. sett på eit boge treskykke som heldt ploget upp frå jordi når dei köyrde yver åkren. Namn på dette trestykket har eg ikkje höyrt.
 18. Her berre brukt högre-plogar det eg kjenner til.
 19. Djupni på plogfori var 4 til 6 tumar. Djupare plögjer dei med dei nyare plogane enn med dei gamle. Dei kunde regulera djupni noko ved å hefta ardlekkja lenger nede eller uppe i ein bygjel dei hadde fremst på plogåsen, elles måtte plogkaren greida med djupni. Nokon slepesko framme var ukjent. No er der eit hjul framme som kan regulera djupni. Namn på dette har eg ikkje höyrt.
 20. So vidt eg minnest var der stödt ristel på plogane.
 21. Nei, slikt er ukjent her.
 22. Nei, dei köyrde ploget på kjerra um dei skulde föra han eit stykke veg.
 23. Falkensteinplog og Jarlsbergplog ukjent her.

Dei no brukte plogar er helst Kvernelandsplogar, frå Kverneland på Jæren.

No snakkar dei helst um plogåsen, ikkje ardåsen. Det einaste eg kan koma på dei enno brukar ordet ard i, er ardlekkje.

Ordet ard uttalast: ar, med lang a. Og so segjer folk her: plog bokstavrett.

Det heiter ein ard og ein plog.

1507

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING